



# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Sak nr 38/2010

Møtedato: 25.8.10

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S 598

## S598, Gilen - søknad om kårsel

Olav Gardshaug søker om å få føre opp kårsel på 27 m<sup>2</sup> (BYA).

På stølen er det registrert følgjande bygninger:

Hustype	Areal
Annet	16
Fjøs	40
Sel	48

Han opplyser skriv at det skal rivast ei eksisterande hus og at det nye har same storleik som det gamle. I følgje stølsregisteret er det gamle huset 16 m<sup>2</sup>, dvs 11 m<sup>2</sup> mindre enn det nye. Dette huset er registrert som eit uthus og ikkje sel.

Gardshaug leiger bort jordvegen heime og han opplyser at jordet på stølen blir slege. Landbrukskontoret har ingen opplysningar om drift på stølen. Ved befaring på stølen ser det heller ikkje ut til at stølen har vore i bruk på lengre tid.

Sidan stølen ikkje er i bruk ut frå gardsbruket heime, er ikkje stølen å rekne for å vera i bruk etter fjellova.

Stølsforskrift § 11. Om hus på seter som ikkje er i bruk og ikkje er fallen i det fri :

På seter som ikkje er i bruk, men som ikkje er fallen i det fri, kan seterbrukaren halde husa vedlike på ordinært vis. § 10 andre ledd i denne forskriften gjeld tilsvarande.

Skal seterbrukaren ta opp att seterdrifta, gjeld føresegnene i § 10 i denne forskriften.

Departementet sine merknader til § 11

Etter fjellova fell ikkje retten til seter bort før den i 20 samanhengande år har vore ute av bruk som seter. Hendelege avbrot i setringa skal ikkje føre til at retten går tapt. Likevel må seterbrukaren ha ein rett til å vedlikehalde husa, så lenge setra ikkje er fallen i det fri. Om det blir behov for å setje opp, utvide eller endre hus med sikte på å ta opp att seterdrifta, gjeld føresegnene i § 10 i forskriftena. Det som er sagt under § 10 gjeld tilsvarande, at fjellstyret skal innhente fråsegn frå regional kulturminnestyremarkt.

Søknader etter første ledd skal sendast til fjellstyret, som håndsamar dei og sender dei vidare til Statskog SF, som gjer søkjaren kjent med avgjerda. Vedtak fjellstyret gjer kan påklagast til Statens landbruksforvaltning, jf. § 26 og § 30 i forskriftena.

Søknaden er sendt Oppland fylkeskommune og Statskog til uttale.

Statskog gir følgjande uttale i brev datert 23.8.10:

... Med bakgrunn i at stølen ikke er i bruk og ordlyden i seterforskriftens § 11, tilrår vi at fjellstyret avslår søknaden om nytt sel på stølen.

Oppland fylkeskommune har i e-post datert 25.8.10 gjeve følgjande tilbakemelding:

Tegningene som følger søknaden er lite detaljerte. Det er vesentlig at det ev nye bygget tilpasses eksisterende miljø på stølen mht valg av materialer, farger og øvrig utforming. Terrassen bør ikke være overbygd, men legges på terreng for å unngå behov for rekkverk. Det anbefales å be om mer detaljerte tegninger. Formen på huset som skal rives bør vurderes videreført.

**Vedtak:**

Fjellstyret finn ikkje at det er dokumentert behov for det omsøkte bygg ut frå drifta på stølen og avslår søknaden etter § 11 i stølsforskrifta. Søknaden blir oversendt Statskog for vidare behandling jf. LMD sine merknader til §11.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 31.9.10

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Olav Gardshaug  
Statskog  
Vestre Slidre kommune  
Oppland fylkeskommune